



**DET KONGELEGE BARNE-  
OG FAMILIEDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets president  
Stortinget  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
23/2098-

Dato  
8. juni 2023

### **Svar på skriftleg spørsmål - Nr. 2441**

Eg viser til brev frå Stortingets president 5. juni 2023 med skriftleg spørsmål nummer 2441, frå stortingsrepresentant Hege Bae Nyholt:

*«Kan statsråden informere om hvilke kontrakter staten har inngått med kommersielle og ideelle aktører innenfor barnevernsinstitusjoner og legge fram oversikt over kontraktvarighet for avtaler inngått med kommersielle og ideelle selskaper innenfor statens ansvarsområde?»*

#### **Anskaffing av ideelle plassar**

Buudir gjennomførte i 2022 ein anskaffingsprosess retta mot dei ideelle leverandørane, og skreiv avtalar om 243 institusjonsplassar. I dei nye avtalane er delen med kjøpsgaranti auka frå om lag 60 prosent til 83 prosent. Avtalene er tidsubestemte, og varer til ein av partane seier den opp. Avtaleporteføljen med leverandørane er samansett av følgjande leverandørar:

Aberia Ung AS
Betania Alta
Crux
Crux Rostad
Cura
Frelsesarmeens Barne- og familievern
Haraldsplass
Josephines stiftelse
Klokkergårdstiftelsen
Oslo Sanitetsforening Brusetskollen AS
Rufs (Rena Ungdoms- og Familiesenter)

Fossum Ung
Stiftelsen Fossumkollektivet
Stiftinga Voss barneheim

I tillegg har Bufetat regionale avtalar om 20 plassar med leverandørane Stiftelsen Milepælen, Fagertun Hybelhus (Norsk Folkehjelp) og Oslo Sanitetsforening.

I anskaffingane har Bufdir inngått ideelle avtalar med aktørar som ikkje har ideelt eigarskap. Dette gjeld leverandørane Aberia Ung AS, Cura og Rufs. Regjeringa ga i mars 2023 Bufdir føring om å innføre krav om ideelt eigarskap for å reknast som ideell leverandør. Kravet om ideelt eigarskap gjeld samtlige eigarledd tilhøyrande leverandøren.

### **Anskaffing av fleksibel kapasitet**

Frå oktober 2022 til våren 2023 gjennomførte Bufdir òg ein anskaffingsprosess om i hovudsak fleksibel kapasitet, der både kommersielle og ideelle leverandørar kunne delta. I denne anskaffinga blei det inngått rammeavtalar om 53 plassar. Avtalane varer til 31. januar 2024, med moglegheit for uttak av opsjon i 1 +1 år. Avtaleporteføljen består av følgjande leverandørar, der dei to første har einskilde plassar med kjøpsgaranti:

Rufs (Rena Ungdoms- og Familiesenter)
Hiimsmoen
Olivia Solhaugen
Den skreddersydde enhet
Stendi Midt
Stendi Nord
Stendi Øst
Fjellstø omsorg
Aurora Omsorg

Med helsing

  
Kjersti Toppe